



Bjørn Ove Myking

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/1528 - 16/13701

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
28.10.2016

Kunstgrasbane i Hordabø idrettspark - søknad om midlar

Radøy kommune stadfestar at Hordabø idrettslag har fått kommunal løyving til kunstgrasbane på Bø, i samsvar med formannskapsvedtak 26. november 2015 og i budsjett 2016 og økonomiplan for 2017-2019.

FS – vedtak 26. nov. 2015:

Radøy kommune løyver Hordabø Idrettslag kr 40.000,- pr år i 10 år. Dersom andre aktørar eller idrettslaget sjølv fullfinansierer anlegget, fell tilskotet bort frå det tidspunkt. Kommunen vil bidra aktivt til å søkja finansiering frå andre aktørar.

Kommunestyret stiller seg positiv til ein evt. søknad om kommunal garanti for lån. Kommunestyret bed rådmannen inngå avtale med HIL. Avtalen bør opna for at skule, barnehage og kommunen kan bruka anlegget på grunnlag av avtalen.

I budsjett for 2016 har kommunestyret vedteke følgjande:

Tilskot til Hordabø Idrettslag – kunstgrasbane: kr 40.000,-. Dersom private eller idrettslaget sjølv fullfinansierer anlegget, fell tilskotet bort frå det tidspunktet.

I Radøy kommune sin økonomiplan for 2017-2019 står det følgjande:

Det er føresett tilskot til Hordabø Idrettslag - kunstgrasbana kr 40.000 i åra 2017-2019.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Bjørn Ove Myking